

NY RETTSKRIVING FOR 2000-TALET

REFERAT FRÅ MØTE I RETTSKRIVINGSNEMNDA PÅ BONDEHEIMEN
20. FEBRUAR 2011 KL. 17-19

Til stades: Grete Riise, Unn Røyneland, Ragnhild Bjørge, Karin Magnetun, Tore Elias Hoel,
Marit Hovdenak og Aud Søyland

Forfall: Åse Wetås, Svend Arne Vee

1 GODKJENNING AV INNKALLING, REFERAT, SAKLISTE OG TIDSPLAN

Innkalling, referat, framlegg til sakliste og tidsplan vart godkjende.

2 DEN OPNE HØYRINGA

Grete Riise gjekk gjennom det ho vil leggja fram som svar på oppdraget under høyringa 21. februar.

Poenget med møtet er at me skal ta imot innspel. Me kan stilla spørsmål til dei som held innlegg.

Aud refererer frå møtet, dvs. tek ut hovudpoeng frå kvar innleiing.

3 BEHANDLING AV HØYRINGSINNSPELA

Høyringsinnspela blir lagde ut på nett etter kvart som dei kjem inn.

Til nemndmøtet 3.-4. mars: Aud lagar eit oversyn over dei sakene me bør sjå på ein gong til, på grunnlag av innspel.

Aud Søyland refererte.